



Leiar i idrettslaget Michael Røssland: - Skal registrera oss innan fristen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved søk i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund får uskedalen.no til svar at berre ni lag og organsasjonar frå Kvinnherad så langt har registrert seg. Ingen av dei er frå Uskedalen, men skulekorpset har faktisk sendt inn registrering.

Registrering innan 1. februar må til hvis ein vil bli tilgodesett med den såkalla grasrotandelen frå Norsk Tipping frå 1. mars.

Dei frå vår kommune som så langt er registrert er Hatlestrand og Ølve Skyttarlag, Husnes Musikklag, IL Strand-Ulv, Kvinnherad Golfklubb, Rosendal Musikk- og Kunstfestival, Rosendal Rideklubb, Rosendal skulekorps, Trio

IL og Sunnhordland Kammerorkester.

Med andre ord har tre organisasjonar registrert seg berre frå Rosendal.

Det har tidlegare vore opplyst at skulekorpset i Uskedalen har registrert seg. Det er førebels ikkje å finna på lista, men Thor Inge Døsland opplyser at korpset forlengst har registrert seg. Dei har også fått stadfesting på at registreringa er motteke, men det er naturleg nok lang saksbehandlingstid.

Leiar i idrettslaget Michael Røssland opplyser at dei skal registrera seg innan fristen.

Men det er mange fleire som kunne vera aktuelle. Saka vart også teke opp av kultursjef Kristian Bringedal under Kvinnherad Venstre sitt årsmøte på Dønhaug måndag. Han oppmoda sterkt aktuelle lag og organisasjonar om å melda seg.

Av Ola Matti Mathisen